



Hendingar i 2012

I 2012 har det i Noreg vore eit par mindre hendingar med radioaktive kjelder i industrien, og innan medisinsk strålebruk. Elles i Europa har det vore nokre små hendingar.



Skrapmetall frå vraket av kryssaren Murmansk. Foto: Celsa Nordic

Hendingar i Noreg

Jod-131 frå Ungarn over Europa

I januar 2012 vart det påvist små mengde med radioaktivt jod ved luftfilterstasjonane i Nord-Noreg. Svenske og finske styresmakter registrerte det same ved sine stasjonar i nord. Det viste seg i ettertid at kjelda var eit farmasøytisk firma i Ungarn som produserer radioaktivt jod til medisinsk formål. Luftmassane førte det radioaktive stoffet austover og seinare nordover. Det same firmaet hadde tilsvarande utslepp hausten 2011, som også vart målt i Noreg.

Storskog grensestasjon

I januar og i desember vart to personar stoppa i portalen ved Storskog grensestasjon som kan påvise radioaktivt materiale. Den eine hadde vore til behandling på sjukehuset i Tromsø, og tatt

radioaktivt jod. Den andre hadde vore til behandling i Murmansk, og hadde tatt det radioaktive stoffet barium i samband med ei røntgenundersøking.

Overkjørt måleutstyr

I samband med asfaltlegging på Jessheim i Akershus natt til 28. august, vart måleutstyr som inneheldt ei radioaktiv kjelde av typen cesium-137, valsa over. Dette førte til at måleutstyret vart delt i fleire delar. Sidan måleinstrumentet si innebygde skjerming mot stråling var skadd, var strålenivået tett att med kjelda høgare enn normalt. Instrumentet vart same dag sendt til Institutt for energiteknikk (IFE) for forsvarlig avhending i eit godkjent deponi. Stråledosane utgjorde ikkje nokon risiko for helsa til dei involverte personane.

Radioaktivt skrapmetall

I både august og desember tok ei attvinningsbedrift i Mo i Rana imot last med skrapmetall som inneheldt radioaktive gjenstandar. Det viste seg at begge gjenstandane, ein stålgjenstand og eit skilt, stamma frå opphogginga og fjerninga av vraket av kryssaren Murmansk i Sørvær. Stråledosane frå gjenstandane utgjorde ikkje noko risiko for dei involverte personane.

Eigarlause strålekjelder

23. november vart det funne tre eigarlause radioaktive strålekjelder av typen cesium-137 i ein container på eit industriområde i Stavanger. Skjermingsbeholdarane var intakte og strålenivåa i nærleiken av kjeldene var lave. Kjeldene vart sikra i ein eigen container på eit avsperra område og seinare sendt til IFE. Det er ikkje mistanke om at nokon har blitt utsett for skadelege stråledosar som følgje av uforsvarleg lagring over lengre tid.

Medisinsk strålebruk

I 2012 vart det meldt inn tre hendingar innan strålebruk. Dei ulike hendingane var overlappende bestråling av same hudområde frå to ulike behandlingar, bestråling av feil bryst pga. forveksling av pasientar og feil posisjonering av ei kjelde i brachyterapi i samband med oppgradering av programvaren. To av hendingane kunne ha ført til betydelig skade hjå pasientane om dei ikkje hadde vorte oppdaga og korrigert for i den vidare behandlinga. For ein pasient var derimot forholda meir alvorlege då det vart mistanke om tilbakefall av kreftsjukdom.

Innan røntgendiagnostikk vart det rapportert inn seks hendingar. Tre av hendingane var utilsikta bestråling av foster under CT-undersøkingar. Dei andre var høg dose til hud (11 grey) under ein komplisert intervensjonsprosedyre og feil på utstyr som førte til overeksponering av pasienten. Ingen av hendingane fikk alvorlege følgjer for pasient eller personale. Ein anbefalt provosert abort som følgje av bestrålinga, vart avverja. Det vart ikkje rapportert inn nokre hendingar innan nukleærmedisin.

Hendingar utanfor Noreg

Satellitt-styrt i Stillehavet

Den 13. januar fekk norske styresmakter melding frå den russiske ambassaden om at romsonden Fobos-Grunt, som vart sendt opp i verdsrommet 9. november 2011, var i ferd med å styrte tilbake til jorda. Romsonden hadde to mindre radioaktive strålekjelder om bord. Romsonden styrta 15. januar i Stillehavet, og Noreg låg ikkje innanfor det forventa nedslagsfeltet.

Brann på kjernekraftverk

5. april oppstod det ein brann ved reaktor 2 på Penly kjernekraftverk nordvest i Frankrike. Reaktoren vart automatisk stengt ned. Etter at brannen var sløkt, vart det også oppdaga ein mindre lekkasje i ei pumpe knytt til primærkretsen til reaktoren. Vatn frå lekkasjen vart samla opp i ein reservetank. Då Strålevernet fekk melding om hendinga, vart det tatt kontakt med det franske strålevernet. I følgje dei franske styresmaktene var det ingen radiologiske konsekvensar for miljøet.

Sprengstoff på kjernekraftverk

20. juni vart det oppdaga sprengstoff på ein av bilane til Ringhals kjernekraftverk i Sverige, då denne skulle kjøre inn i sikker sone. Dette førte til auka beredskap på alle svenske kjernekraftverk. Det er ikkje klart kven som plasserte sprengstoffet på bilen, eller korleis dei har fått tilgang til bilen.

Aksjon mot svenske kjernekraftverk

9. oktober tok rundt 60 aktivistar frå Greenpeace seg inn på dei svenske kjernekraftverka Forsmark og Ringhals. Aktivistane kom aldri i nærleiken av reaktorane, og utgjorde ingen trussel for driftstryggleiken ved anlegga, men det er alvorleg nok at dei kom seg inn på anlegga utan å bli oppdaga før dagen etter. Strålevernet vart varsla om aksjonen av svenske strålevernsstyresmakter.